Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 18.12.2024
Vår ref: 2019/2350
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Mowi ASA
Postboks 4102 Sandviken
5835, Bergen

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hedda Dugstad Østgaard, +47 5557 2052

Rapport etter tilsyn hjå MOWI ASA - Fjæra

Kontrollnummer: 2024.295.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn den 13.09.2024 med Mowi ASA (organisasjonsnummer: 964 118 191) sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Fjæra.

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har brote vilkår om utslepp til vatn, og rapportering til Statsforvaltaren

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Mowi ASA må snarast rette opp avvik. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 1. februar 2025, som viser korleis de har retta avvik, og eventuelt ein tidfesta handlingsplan for å rette det som står att.

Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Slamhandtering og lukt

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

Mowi ASA må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med saksnr. 2019/2350.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik nr. 1: Verksemda har brote vilkår om utslepp til vatn og rapportering til Statsforvaltaren

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Utsleppsløyvet frå 2022, vilkår 3.1.1, jf. vilkår 1 og vilkår 2.3, vilkår 11.5 og vilkår 2.7. Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd nr. 6 og 7.

Om krava

Utsleppsløyvet

Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet frå produksjonen reinsast. Reinseprosessar og -innretningar skal samla sett gje utsleppsreduksjon som sikrar at utsleppsgrensene i løyvet vert haldne. For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa. Det er sett utsleppsgrenser for årsutslepp som vist i tabellen under. Dei spesifikke utsleppa av nitrogen (N), fosfor (P) og organisk karbon (TOC) er eit uttrykk for mengdeproporsjonale utslepp, vist som kg utslepp per tonn fisk som er produsert.

Tabell 3-1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar eller berekningar, jf. punkt 11.2

Komponent	Utsleppsgrenser			Gjeld frå
	Korttidsgrense* Midlingstid: 1 mnd	Langtidsgrense Midlingstid: 1 år	Spesifikt utslepp** Midlingstid: 1 år	
Total nitrogen (tot-N)	ikkje sett	148 tonn/år	32 kg/tonn fisk	28.01.2022
Total fosfor (tot-P)	ikkje sett	21,5 tonn/år	4,7 kg/tonn fisk	28.01.2022
Total organisk karbon (TOC)	ikkje sett	280 tonn/år	61 kg/tonn fisk	28.01.2022

* Utslepp per dag, ** Utslepp per tonn produsert biomasse

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før til Statsforvaltaren.

Internkontroll
Internkontrollforskrifta set krav om å gjennomføre systematiske tiltak for å nå måla i helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga. Krav til innhald og dokumentasjon er gitt i § 5 andre ledd, punkt 1 - 8.

- Punkt 6 set krav om at verksemda skal kartlegge farar og problem og på bakgrunn av det vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda.
- Punkt 7 set krav om at verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav som er fastsette i, eller er heimla i, miljølovgivinga.

Utsleppsløyvet presiserer at internkontrollen skal sikre at m.a. krava i løyvet vert haldne, og at verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda fekk nytt utsleppsløyve i januar 2022 som erstatta tidelgare løyve frå 2014. Rapporterte utsleppstal frå før 2022 er ikkje vurdert nærare på dette tilsynet.

Verksemda hadde brot på utsleppa per tonn produsert fiskebiomasse for fosfor og TOC i 2023, medan det i 2022 var brot på spesifikk grense for fosfor. Dei rapporterte tala er 7-16 % over grensene som er sette i løyvet.

Statsforvaltaren har i etterkant av tilsynet mottatt kopi av avviksmelding som gjeld problem ved oppstart av nytt slamreinseanlegg hausten 2023. Avviket vart registrert 6. november 2023 og beskriv at det har gått meir avløpsvatn til sjø enn det som er tillate i utsleppsløyvet. Månadsrapport frå leverandør av reinseløysinga viser til nedetid mellom 17 – 27 % i september, oktober og november. For å få mindre nedetid på det nye slamanlegget, og unngå at forureining renn ut via overvatn, har verksemda sett inn ny slampumpe for redusert fare for overløp, og slamanlegget har gått utan tørking av slam før levering.

Verksemda har system for å dokumentere og handtere høve som gjev auka forureining, og dei har utført tiltak for å få bukt med auka forureining til ytre miljø. Samstundes var det uregelmessig drift med nedetid i fleire månader før det vart registrert avvik, og statsforvaltaren vart ikkje varsla om driftsproblema som forårsaka auka forureining. Lengre periode med nedetid på anlegget tyder på at risikovurdering og tiltaksplanar før installering av nytt slamreinseanlegg ikkje har vore tilstrekkeleg.

Verksemda har levert årsrapport for 2019, 2020, 2022 og 2023. Årsrapporten frå 2021 var ikkje sendt til Statsforvaltaren innan frist satt i løyvet, men vart sendt til Statsforvaltaren i etterkant av tilsynet.

Internkontrollen i verksemda må sikre drift i samsvar med løyvet. Dette gjeld mellom anna å oppdage, korrigere og førebyggje forhold som kan gje auka utslepp eller bryte med vilkår i løyvet.

Merknad 1: Slamhandtering og lukt

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Det nye slamanlegget på Fjæra er rigga til å tørke slam lokalt, men grunna plagsam lukt og klage frå naboar hadde verksemda under tilsynet slutta å tørke slam på staden.

Verksemda har innført tiltak for å få bukt med luktproblema, men har førebels ikkje funne ei kostnadseffektiv og varig løysing. Verksemda jobbar med ei lokal løysing for tørking av slam, og dei vil ha dialog med naboar og Statsforvaltaren i forkant av eventuell prøvedrift for nye luktreduserande tiltak. Det har i løpet av hausten vore dialog mellom naboar, verksemda og Statsforvaltaren om luktproblema. Verksemda må varsle naboar og Statsforvaltaren om nye forsøk på tørking av slam, med informasjon om kva som skjer, når og kor lenge. Verksemda må finne løysningar på luktproblema slik at dei kan fortsette drifta og samtidig vareta omsynet til naboar.

Det er viktig at risikovurderingar, avvik, tiltak og handlingsplanar som gjeld slamhandtering og lukt blir godt dokumentert i den skriftlege internkontrollen.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Mowi ASA må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet. Dette svarer til sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr som vart gitt på tilsynet, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Mowi ASA sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er del av ein nasjonal tilsynsaksjon med landbaserte akvakulturanlegg og er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Gunn Helen Henne
- Hedda Dugstad Østgaard

Kontaktperson hos verksemda:

- Mona Bue

Anlegg

Følgjande av Mowi ASA sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Lokalitet 12 073 Fjæra / *Fjæra, settefisk* (*4611.0048.02)*

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utsleppskontroll for utslepp til vatn
- Reinseanlegg
- Internkontroll
- Slamhandtering
- Miljøovervaking

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) og tilhøyrande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Anlegget sitt løyve etter forureiningslova, datert 28. januar 2022 (utsleppsløyvet)

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Årsrapportering til Statsforvaltaren om utslepp til vatn frå 2022 og 2023
- Miljøgransking frå 2023
- Internkontrolldokumentasjon, m.a. risikokartlegging for ytre miljø, arbeidsinstruks for slamanlegg, avvik på slamanlegg og pumpekummer *(samtlege dokument er sendt inn i etterkant av tilsynet).*

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Personell til stades under tilsynet
Tilsynet vart utført med samfunnskontakt og fungerande driftsleiar til stades. Då desse ikkje kjenner anlegget og driftssystema inngåande var det ikkje mogleg å gå i djupna på fleire av temaa som vart tatt opp under tilsynet. Ny driftsleiar er tilsett i stillinga, og skulle kome på plass frå 1. november.

Utsleppspunkt
Statsforvaltaren har i tilsynsaksjonen etterspurt koordinatfesta posisjon for alle utsleppspunkt. Korrekt posisjonering er viktig for rett plassering av prøvestasjonar i miljøovervakinga, og for riktig klassifisering av miljøtilstand etter vassforskrifta.

Koordinat for utsleppspunktet ved Fjæra vart sendt til statsforvaltaren etter tilsynet (59° 52,492' N, 06° 22,689' Ø). Posisjonen er 18 meter frå posisjon oppgitt på første side i utsleppsløyvet under «*Statsforvaltaren sine referansar*»; (59° 52,500’ N 06° 22,700’ Ø). Distansen mellom punkta er liten, og Statsforvaltaren vurderer dei som samsvarande. Utsleppspunktet ligg på rett djup (omkring 40 meter) jf. *vilkår 3.2.*

Koordinat for utsleppspunktet er oppgitt to stader i løyvet, og Statsforvaltaren har i etterkant av tilsynet oppdaga at det er oppgitt feil koordinat under *vilkår 3.2* om utsleppsstad. Dette vil bli korrigert ved neste oppdatering av løyvet.

De kan kommentere på rapporten
De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg
Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på einnsyn.no, i tråd med offentleglova. Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Hedda Østgaard
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Etne kommune
- Representant for naboar